



Nordsang syng under korfestivalen. Her frå julekonserten i fjor.

Det har vore stor aktivitet i Uskedal kyrkje dei seinare åra. Det har også vore svært god breidde i aktivitetane både når det gjeld form og innhald. Svært mange av tilboda har trekt svært mykje folk til kyrkja. Komande torsdag, 16.november kl.19, vert det arrangert nok ei nyskaping i kyrkja. Det blir korfestival.



Røysterett syng også i kyrkja på torsdag. Her frå julekonserten i fjor.

Korfestivalen inneber at ein samlar alle dei aktive kora i det vi kallar fastlands-Kvinnherad til ein spesiell konsert. Det vert fem kor som møtest. Det er Uskedal sokneråd som står som arrangør, men det er, nær sagt sjølvst, vår aktive og dyktige kantor Eva Megyesi som står bak tiltaket.

Eva dirigerer også to av kora som deltar. Det er kyrkjekoret Nordsang som no er inne i sin andre sesong, og eit av Norges aller eldste kor, Rosendal songlag, som er godt over 130 år. Også Maria Malmsten deltar som musikalsk leiar for to kor. Godt over 10 år har ho dirigert Røysterett for Alle som kan feira 30års-jubileum neste år. For to år sidan starta ho også mini-koret Glimrah som er samansett av 7 damer m.a. frå dei to ovannemnde kora.

I tillegg er det svært kjekt at Husnes blandakor deltar. Her er Eirin Nordvik, som også jobbar i kulturskulen, ny dirigent. Ho starta med koret no i haust. Etter det eg kan hugs, er det ein god del år sidan vi høyrde dette koret i Uskedalen så det vert eit kjekt gjensyn.

Det er eit flott tiltak, både musikalsk og sosialt, at desse 5 kora møtest til korfestival. Her får publikum oppleve 4 blanda kor saman med Glimrah som er ei songgruppe med berre damestemmer. Det ligg til rette for at publikum får oppleve mykje vakker korsong denne torsdagskvelden. Når vi i tillegg kjenner til Eva Megyesi eine evner når det gjeld regi og leing frå tidlegare konsertar, vil det setja ein ekstra spiss på festivalkvelden.

Det er ikkje inngangsbillett, men det vert høve til å gje gåve ved utgang.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Hans Ordin Østebø